LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Reigstad Bygg & Eigedom AS
Gjervik Ytre
5914 ISDALSTØ

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 10.06.2016 |
| Vår: 16/1658 - 16/15888 | EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 234/83 Eide ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.05.16.

Vi seier oss leie for sein attendemelding. Grunna stor pågang i mai og redusert bemanning hjå avdelinga har vi ikkje fått gjennomført mottakskontroll på søknaden dykkar tidlegare. Mottakskontroll er gjennomført i høve rutine med svarbrev ila. 3 veker.

Tiltak er søknadspliktig etter pbl § 20-4 bokstav c. Tiltak som tiltakshavar kan forestå.

Vi har vore i kontakt med arbeidstilsynet i høve dykkar søknad. Tiltaket krev Arbeidstilsynet sitt samtykke jf. arbeidsmiljøloven § 18-9.

Kommune kan gje rammeløyve, men ikkje igangsettingsløyve før det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet jf. plan- og bygningslova § 21-5. Vi avventar attendemelding på om de ønskjer å dele opp søknaden.

<u>Mottakskontroll</u>
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.
Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arbeidstilsynet sitt samtykke.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.08.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

<u>Sakshandsamingsfrist</u>
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tom Staurbakk | Sivert Nielsens gt. 54 | 8007 | BODØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reigstad Bygg & Eigedom AS | Gjervik Ytre | 5914 | ISDALSTØ |